

Danish air transport AS v/Commercial director Dennis Rybasch
Lufthavnsvej 7A

Vamdrup

Vår dato: 08.06.2016
Vår ref: 2016/1602 - 12259/2016 / 223
Dykkar ref:

Svar - Søknad om bagatellmessig støtte

Viser til søknad frå Sunnhordland Lufthavn AS datert 04.05.16, der det vert søkt om økonomisk støtte til Danish Air Transport AS.

Stord kommunestyre tok saka opp til vurdering i kommunestyremøte 26.05.16., (PS 31/16) og traff følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek ekstraordinær budsjettrevisjon med budsjettendringar slik det går fram av saksutgreiinga.

2. Stord kommunestyre løyver eit tilskot på kr 395 000 til flyoperatøren Danish Air Transport AS til drift av flyruta Oslo-Stord. Løyvinga utgjer 79 prosent av omsøkt sum kr 500 000. Kommunestyret legg til grunn at Hordaland fylkeskommune løyver ein sum tilsvarande sin aksjedel i selskapet (21 prosent).

Løyvinga skal finansierast med ein tilsvarande reduksjon i den avsette lønsreserven. Kommunestyret er innstilt på å følgja opp med ei tilsvarande løyving i november inneverande år.

Handsaming

Vedteke med 32 mot 13 røyster (H, Frp, V og STL).»

I samband med tildeling av bagatellmessig støtte, må støttegjevar skriftleg informere støttmottakar om at det er bagatellmessig støtte som vert ytt, og kor stort beløpet er (uttrykt i bruttotilskotsekvivalent). Det vert med dette informert om at det er bagatellmessig støtte som vert gjeve, dersom Hordaland Fylkeskommune gjer det same. Beløpet frå Stord kommune går fram av kommunestyrevedtaket.

Den skriftlege informasjonen om at det er bagatellmessig støtte som vert gjeve, skal også innehalde konkrete referansar til regelverket om bagatellmessig støtte. Sjå vurdering som ligg vedlagt og som vart lagt fram for Kommunestyret før vedtak vart fatta.

Tilskotet vil bli utbetalt så snart det ligg føre positivt vedtak i Hordaland fylkeskommune. Vær venleg å send over kontoinformasjon til Stord kommune v/økonomiavdelinga.

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

Vurdering - Økonomisk støtte

Kopi til:

Stord lufthavn ved lufthamnsjef Jan Morten Myklebust
Hordaland Fylkeskommune V/Bard Sandal